

Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar

Rettleiar i beredskapsplanlegging





Rettleiar i beredskapsplanlegging for barnehagar og utdanningsinstitusjonar

Rettleiaren er overordna, men har lenkjer til malar, sjekklister, tips og annan informasjon som gir praktiske råd i beredskapsarbeidet. Dette vil òg gi rettleiing i effektiv førebygging.

Formål

Formålet med rettleiaren er å styrkje kunnskapen og medvitet om kva gode og oppdaterte beredskapsplanar har å seie og leggje til rette for ein robust beredskap. Rettleiaren er eit hjelpemiddel for kommunar, barnehagar, skolar, fagskolar og høgare utdanningsinstitusjonar som treng å forbetre beredskapsplanane sine og syte for at planane omfattar alvorlege hendingar. I rettleiinga er ei alvorleg hending definert som ei tilsikta hending der våpen eller anna form for vald blir brukt, eller det blir truga med å ta dei i bruk. Alvorlege hendingar vil vere ulike for barnehagar og utdanningsinstitusjonar, og institusjonane må derfor sjølve kartleggje egne risikosituasjonar. Rettleiaren skal òg styrkje forståinga for roller og ansvar i det førebyggjande arbeidet for å hindre alvorlege hendingar.

Målgrupper:

Alle leiarar i offentlege og private barnehagar, skolar, fagskolar og høgare utdanningsinstitusjonar.

- Kommunane som ansvarlege for det overordna lokale beredskapsarbeidet.
- Fylkeskommunane og politiet.

Førebygging

Førebygging er tiltak for å redusere sannsynlege grunnar for at uønskte hendingar skal skje, og tiltak som reduserer konsekvensane av dei uønskte hendingane.

Barnehagar og utdanningsinstitusjonar har ei rad krav som viser til det ansvaret sektoren har for å førebyggje uønskte hendingar og for å sikre at alle er trygge. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar handlar mellom anna om «sikkerhet og helsemessig beredskap»:

- Verksemda skal planleggjast og drivast slik at skadar og ulykker kan førebyggjast.
- Verksemda skal ha rutinar og utstyr for å handtere ulykkes- og faresituasjonar.
- Rutinane og sikkerheitsutstyret skal vere kjende for alle, også for barn og elevar.

Oppgåva til politiet er å førebyggje og kjempe mot kriminalitet og verne personar, eigedom og all lovleg verksemd. Truslar om eller bruk av skytevåpen mot barn, unge og tilsette i ein barnehage eller utdanningsinstitusjon er alvorleg kriminalitet, og det er derfor ei oppgåve for politiet å førebyggje og kjempe mot slik kriminalitet.

Målgruppa barn og unge har førsteprioritet i kriminalitetsførebyggjande arbeid. Tidleg involvering er eit sentralt grunnprinsipp i all førebygging. Det er viktig å finne gode løysingar som kan stanse ein kriminell løpebane på eit tidleg stadium.

Ved akutt mistanke, funn av mistenkjelege gjenstandar eller truslar om ekstraordinære hendingar som skoleskyting og annan pågåande vald, må politiet varslast med ein gong på telefonnummer 112.

Lokalt politi kan ein nå på telefonnummer 02800.

Leiarar i alle barnehagar, skolar, fagskolar og høgare utdanningsinstitusjonar har ei viktig rolle i planlegging og koordinering for å førebyggje alvorlege hendingar. Rettleiingar for barnehagar og utdanningsinstitusjonar gir råd i førebyggingsarbeidet. Viktige moment er omsorg og aktsemd overfor personar som er opptekne av vald, terrorisme og drap. *Sjå lenkjer til informasjon om førebygging og krisehandtering på nettsidene www.udir.no og www.politiet.no.*

Alvorsgraden i truslar og vald gir ulike behov for tiltak. Det er viktig at alle truslar, også vage truslar og rykte, tidleg blir tekne på alvor. Tiltak må ikkje pregast av panikk, men institusjonen bør raskt ta kontakt med politiet, som har kunnskap og er rusta til å vurdere trusselsituasjonen.

Beredskap

Beredskapsplanlegging er å vere førebudd på kritiske situasjonar og fremje eit trygt miljø. Beredskapsarbeid er å sikre førebygging, avgrensing og handtering.

Kommunen har eit grunnleggjande ansvaret for å sikre tryggleik for befolkninga. Kommunane er det lokale fundamentet i vår nasjonale beredskap, og derfor berebjelkar i det norske beredskapsarbeidet med ei særleg rolle i førebygging, beredskaps- og krisehandtering. Kommunen har plikt til – i samarbeid med barnehagar, skolar, fagskolar, høgare utdanningsinstitusjonar og andre aktuelle instansar – å vurdere risiko og syte for god beredskap. Kommunen må vere førebudd på hendingar og minske risikoen for at dei skjer. Kommunen må ha planar for og øvingar på handtering av kritiske situasjonar.

Reglane om kommunal beredskapsplikt legg til rette for at kommunen skal sjå beredskapsarbeidet i samanheng og planleggje ut frå det. Dette erstattar ikkje, men kompletterer beredskapsplikter som følgjer av andre sektorregelverk for institusjonar som er geografisk plasserte i kommunen.

Eit vesentleg tiltak i kommunal beredskapsplikt er gjennomføring av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS).

Ei alvorleg hending, til dømes skoleskyting, brann, gisselsituasjon eller annan pågåande vald, vil definitivt vere ei hending som bør inngå i ein heilskapleg ROS-analyse. Slike hendingar kan få store og alvorlege konsekvensar for kommunen og befolkninga, og det er viktig på førehand å ha førebudd tiltak for å kunne handtere slike hendingar.

Med heimel i Sivilbeskyttelsesloven pliktar kommunane å kartlegge kva for uønskte hendingar som kan skje, vurdere om det er sannsynleg at dette kan skje, og korleis det kan påverke kommunen og innbyggjarane. Kommunen bør derfor syte for at ROS-analysar, beredskapsplanar og øvingar omfattar barnehagar og alle utdanningsinstitusjonane som er lokaliserte i kommunen.

Beredskapsplanane skal byggje på fire grunnleggjande prinsipp i planlegginga:


Ansvarsprinsippet: Den personen som har eit ansvar i ein normalsituasjon, har også dette ansvaret i tilfelle ekstraordinære hendingar.

Likskapsprinsippet: Den organisasjonen som skal handtere ein krise, er mest mogleg lik den daglege organisasjonen.

Nærleiksprinsippet: Krisar skal handterast på lågast mogleg nivå.

Samvirkeprinsippet: Beredskapsplanane skal lagast i samarbeid med alle relevante etatar i kommunen og lokalt politi.

Samanhengen i sikkerheitsarbeidet kan illustrerast slik:



Ansvarsfordeling

Verksemdsleiar (styrar/rektor/direktør) bør:

- syte for at alle tilsette er sikkerheitsbevisste, har kunnskap om risikosituasjonar og har fått opplæring i interne sikkerheitsprosedyrar.
- syte for at verksemda har kompetent personell som tek hand om, følgjer opp og melder frå om det som uroar.
- etablere rutinar for samarbeid på tvers av fagmiljø og etatar når det gjeld førebyggjande tiltak.
- kartleggje eigne risikosituasjonar (fysiske og psykososiale tilhøve) der tilsette, barn, elevar og studentar kan eksponerast for fare.
- gjennomgå og analysere funn frå kartleggingar og vurdere behov for sikkerheitstiltak.
- utarbeide beredskapsplanar i samarbeid med kommunen og nødetatane, som beskriv korleis leiinga og dei tilsette skal handtere ulike situasjonar.
- gjennomføre regelmessige øvingar (til dømes "skrivebordsøvingar") av beredskapsplanane med tilsette i si verksemd. Planane bør ein gjennomgå og revidere årleg og elles ved behov.
- ha innøvde rutinar for alvorlege hendingar.
- syte for at det er utarbeidd ein plan for krisekommunikasjon med pårørande, tilsette og media.

Kommunen skal:

- ha det overordna ansvaret for beredskapsarbeidet i kommunen. Dette gjeld alle institusjonar, på alle nivå, uavhengig av eigartilhøva.
- hjelpe barnehagar og utdanningsinstitusjonar i beredskapsarbeidet.
- koordinere og samkjøre felles øvingar internt i kommunen og mot nødetatane.
- samarbeide med lokalt politi for å styrkje beredskapen og sikkerheita ved den enkelte barnehage, skole og utdanningsinstitusjon. Kommunen skal ved behov be om bistand og råd frå lokalt politi.
- ha fagkompetanse og rutinar for å ta seg av personar som treng hjelp og oppfølging.
- ha eit etablert kriseteam som blir sett i verk ved alvorlege hendingar.
- ha ein plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette.

Nødetatane

Politiet

- responderer raskt og tek ansvar for å handtere truslar og hendingar.
- vernar og sikrar personar og objekt.
- etterforskar truslar og hendingar.
- hjelper den enkelte institusjon med råd og forslag til korleis beredskapsplanane for akutte situasjonar skal utformast med omsyn til varsling, evakuering, osv.
- gir råd om førebygging av kriminalitet og tiltak for å førebyggje alvorlege, uønskete hendingar.
- har eit førebyggingsprogram om alvorlege hendingar tilpassa barnehagar og utdanningsinstitusjonar.

Brannetaten

- responderer raskt ved hendingar.
- er kjend med barnehagane og utdanningsinstitusjonane i kommunen, kjenner lokalitetar og kvar dei ligg.
- gir råd og er tilgjengeleg ved øvingar.

Lokale helsemyndigheiter

- responderer raskt på hendingar.
- er ein del av støtte- og beredskapsteamet i kommunen.
- har kompetent personell og rutinar for å ta hand om sårbare personar.
- deltek i beredskapsplanlegginga i kommunen og i arbeidet med å førebyggje uønskete hendingar.

Oppfølging av beredskapsarbeidet

Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har gitt Politidirektoratet og Utdanningsdirektoratet i oppdrag å lage denne rettleiinga. Målet er å forsterke innsatsen for å førebyggje alvorlege hendingar ved alle landets barnehagar, skolar, fagskolar og høgare utdanningsinstitusjonar. Vidare er målet å leggje til rette for at det blir utvikla gode samarbeidsrutinar for beredskap mot alvorlege hendingar og førebyggjande tiltak mellom institusjonane, kommunen og det lokale politiet.

Politidirektoratet og Utdanningsdirektoratet leier arbeidet med å implementere måla. Politidirektoratet følgjer opp i politidistrikta og har gitt dei i oppdrag å gjennomføre arbeidet lokalt ved at det blir forankra i dei lokale politiråda som består av den lokale politisjefen og ordføraren/rådmannrn. Det skal gjennomførast eit eige førebyggingsprogram, og politiet skal hjelpe til med råd og rettleiing i det generelle beredskapsarbeidet..

Utdanningsdirektoratet følgjer opp utdanningssektoren ved å oppdatere og utvikle rettleiingsmateriellet på heimesidene.

Eit eksempel på innhald i ein beredskapsplan

- Beskriving av aktuelle scenario der planen kan bli brukt.
- Oversikt over beredskapsleiinga med ansvars- og rolleavklaringar for kriseleiing, krise- og kommunikasjonsstab og koordinering mellom dei.
- Beskriving av etablering av krisestab, etablering av eventuell beredskapsstad, alternative beredskapsstader og nivå for etablering.
- Varslingsliste med telefonnummer for beredskapsgruppa og andre viktige aktørar.
- Beskriving av oppgåvene til kriseleiinga og enkeltmedlemmene.
- Beskriving av støttefunksjonar, til dømes personal, IKT, sikkerheit, forpleiing, økonomi.
- Beskriving av rutinar for informasjons- og mediehandtering og rutinar for handtering av berørte.

Planen må tilpassast verksemda, bør øvast årleg og haldast ved like fortløpande. Det kan vere fullskalaøvingar, skrivebordsøvingar, øving for krisestab og øving for andre tilsette.

Vedlegg til beredskapsplanen

Tiltakskort, sjekklister, instruksar:

Ei samling av mindre beredskapsplanar som beskriv korleis verksemda skal handtere ulike enkeltsituasjonar. Det er tilrådeleg at verksemda beskriv den direkte handteringa, tiltak for dei etterfølgjande dagane og tiltak for meir langsiktig oppfølging.

Sjå meir informasjon om beredskapsplanar på www.udir.no

Relevante dokument:

- Utdanningsdirektoratets rettleiingar for beredskap og krisehandtering: www.udir.no/beredskap
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sine beskrivingar av ROS-analysar og beredskapssystem: www.dsb.no
- Det kriminalitetsførebyggjande råd gir råd om kriminalitetsførebygging: www.krad.no
- Justis- og beredskapsdepartementets "Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, Justis- og beredskapsdepartementets samordningsrolle, tilsynsfunksjon og sentral krisehåndtering" <http://www.lovdatabank.no/cgi-wift/ldles?ltdoc=/for/ff-20120615-0535.html>
- Kunnskapsdepartementets "Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren" <http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/StyringsdokumentHele.pdf>
- Rettleiar frå Helsedirektoratet til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar: <http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/veileder-til-forskrift-om-miljoettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-mv/Sider/default.aspx>

Lovtilvisingar

Lov om Politiet

- § 1 andre ledd Om politiets plikter:
www.lovdato.no/all/hl-19950804-053.html#1
- § 2 punkt 2 Om forebyggelse:
www.lovdato.no/all/hl-19950804-053.html#2
- § 2 punkt 5 Om å yte andre offentlige myndigheter:
- § 2 punkt 6 Om forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet.

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret

- § 1 Formål:
<http://www.lovdato.no/all/hl-20100625-045.html#1>
- § 14 Om kommunal beredskapsplikt:
<http://www.lovdato.no/all/hl-20100625-045.html#14>
- § 15 Om kommunal beredskapsplan:
<http://www.lovdato.no/all/hl-20100625-045.html#15>

Forskrift om kommunal beredskapsplikt

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

- § 3-1 Oppgaver og hensyn i planlegging etter loven. Sjå a), f) og h): <http://www.lovdato.no/all/tl-20080627-071-006.html#3-1>

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

- § 9a-4 Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll):
<http://www.lovdato.no/all/hl-19980717-061.html#9a-4>

Lov om barnehager (barnehageloven)

- § 7 Barnehageeierens ansvar

Lov om folkehelsearbeid (Folkehelseloven)

- Kapittel 3 Miljørettet helsevern

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

- § 4 Ansvar. Internkontroll
- § 14 Sikkerhet og miljømessig beredskap



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET

Denne rettleiaren er i hovudsak eit elektronisk dokument og vil, på sama måte som støttemateriell, vidareutviklast og reviderast på nettsidene www.udir.no og www.politiet.no.

Denne trykte utgåva av rettleiaren kan ikkje bestillast, men lastast ned på www.udir.no/beredskap

Oktober 2013